

Veitastrond Bygdalag  
V / Asbjørn Nes  
6878 Veitastrond

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Ved Norvald Distad

**Vedkjem tilskot til drift av luftputebåten på Veitastrond.**

Vi registrere at samferdselssjefen tilrår at tilskotet vi har fått til drift av luftputebåten skal falle bort, fordi han meiner Veitastrondsvegen no er trygg nok.

Vi vil gjerne få lov å kome med nokre kommentarar til denne påstanden, men først vil vi seie at vi er svært glade for det tilskotet vi har fått fram til no og den vegsikringa som det offentlege har gjort på vegen dei seinare åra. Dette er etter vårt syn det viktigaste insitamentet for den svært positive utviklinga som er på Veitastrond i dag.

Dessverre står det endå att mange farlege ras punkt på vegen og vi må forvente at vegen og i framtida vil bli stengt på grunn av snøras i kortare eller lengre periodar. Vi kan kort menne nokre av ras punkta som står att:

**Klubben, Rindabakkane, Gamleolasvåden, Utledøla (monsterskrea , Grønndøla ( på storleik med Utledøla), Hatta, Sundkreden, Kalvsinnet, Leikaberget, Hidlsnilsgrovi.**

Alle desse rasa har ein frekvens som er hyppigare enn for eksempel Gullringen der Fylkeskommunen for nokre år sidan brukte fleire hundre millionar på rassikring.

**Dersom Sogn og Fjordane Fylkeskommune bryt den avtalen vi har om tilskot til drift av luftputebåten, har ikkje Veitastrond Bygdalag noko anna val enn å avvikle drifta av luftputebåten. Ved vegstenging blir då bygda total isolert og dette er ei svært lite tilfredsstillande løysing.**

Hausten 2017 sende vi eit brev til Sogn og Fjordane Fylkeskommune der vi tok opp framtidig drift av luftputebåten og tryggleiken i bygda når vegen var stengd. Dette brevet har vi dessverre ikkje fått nok svar på frå Fylkeskommunen. Vi legg det derfor ved dette brevet og vil be om at dette brevet og brevet vi sende dykk hausten-2017 blir teke inn som ein del av saksdokumenta i dette brevet og vi har tiltru til at de finn ei tilfredsstillande berekraftig løysing for Veitastrond når bygda i framtida blir isolert av snøras.

Med vennleg helsing

Asbjørn Nes  
-leiar-  
Tlf 99101935